



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Kjell Hegna, 5557 2321  
Anniken Friis, 5557 2313  
Øyvind Vatshelle, 5557 2178

Vår dato  
22.12.2014  
Dykkar dato  
30.06.2014

Vår referanse  
2014/8629 461.0  
Dykkar referanse  
14/16490

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 Bergen

### Fråsegn til Regional plan for vassregion Hordaland for perioden 2016 til 2021

#### *Innleiing*

Fylkesmannen viser til høyringsdokument for vassregion Hordaland for perioden 2016 til 2021. Høyringa omfattar tre dokument: Regional plan, Tiltaksprogram og Overvåkingsprogram. Planarbeidet er vassregion Hordaland si oppfølging av vassforskrifta av 1. januar 2007, som er den norske implementeringa av EU sitt rammedirektiv for vatn. Rapportane er første generasjon regional vassforvaltningsplanar for Hordaland, og er resultat av eit tverrfagleg arbeid som har involvert kommunar og relevante statlege sektorstyresmakter i vassregion Hordaland.

Fylkesmannen vil peike på at det har vært lagt ned mykje innsats både frå fylkeskommunar, kommunar, statlege sektorstyresmakter og andre partar i arbeidet med dei dokumenta som nå er på høyring. Fylkesmannen har tatt del i arbeidet både som sektorstyresmakt og som regionansvarleg for Vann-Nett og Overvåkingsprogrammet.

Av ulike grunnar, ofte utanfor kontrollen til vassregionmyndigheita, har høyringsdokumenta likevel ikkje blitt så fullstendige som vassforskrifta krev. Dette må ein følgje opp i tida framover. Blant det ein må sjå nærare på er miljømål i regulerte vassdrag. Ein må og rette opp klassifisering og karakterisering i vassførekomstar slik at dette er i tråd med siste utgåver av rettleiarane. Dette gjeld mellom anna for foreslåtte prioriterte artar i vassregionen.

Fylkesmannen vil difor som sektorstyremakt kome med supplerande innspel til høyringsdokumenta i eigen oversending når vassregionmyndigheita har bestemt korleis vi skal utføre dette.

#### *Faglege innspel*

Det har blitt lite tid til å oppfylle kravet i § 26 i vassforskrifta om konsensus i vassregionutvalet og innskriving av synspunkta til eventuelle mindretal i dokumenta. Fylkesmannen vil difor klargjere våre synspunkt på nokre sentrale punkt.

#### *Landbruksforureining*

For mange vassførekomstar vil det bli ei utfordring å skaffe god informasjon om landbrukspåverknaden og kva tiltak som vil gi best resultat. Det er viktig at behovet for problemkartlegging ikkje hindrar vidare framdrift, men at ein kjem raskt i gang med

tiltaksplanlegging. Omtale av påverknad og forslag til tiltak kan bli endra for mange vassførekomstar når ein kjem i gang med konkret tiltaksplanlegging for landbruket.

Det er særst mange vassførekomstar som har landbrukspåverknad i ulik grad, og det kan vere behov for prioritering av førekomstane. Det er tenkeleg at ein ikkje rekk å gjennomføre omtalte tiltak for alle vassførekomstane i planperioden. Dette bør i så fall komme fram av tiltakslista.

#### *Miljømål og tiltak i regulerte vassdrag*

Fylkesmannen meiner at det er viktig å følgje opp arbeidet med revisjon av regulerte vassdrag etter nasjonal, regional og lokal prioritering. Det bør setjast av større ressursar nasjonalt for å prioritere dette.

#### *Klimatilpasning*

Kapittelet og tiltak knytt til endringar i klima bør få høg prioritet. Vi vil spesielt peike på auka forureining til vassførekomstar, sigevatn frå avfalldeponi og liknande som følgje av auka nedbørsmengder.

#### *Miljømål og tiltak knytt til fiskeoppdrett*

Kapittel 3.8 omtalar usemje og uavklarte problemstillingar knytt til korleis lakselus og rømt oppdrettsfisk påverkar og trugar våre ville fiskestammer. I Hordaland er dette eit presserande miljøproblem, som vi gjerne såg hadde vore del av arbeidet med vassforskrifta. Dei store utfordringane knytt til dette saksfeltet må løysast på nasjonalt nivå, ved at det vert sett nødvendige miljømål med nye krav og rammevilkår for oppdrettsnæringa. Fylkesmannen avventer annan nasjonal oppfølging av dette.

#### *Vidare arbeid*

Etter høyringa er det viktig at vassregionmyndigheita sørgjer for at konsensusprinsippet i § 26 i vassforskrifta blir følgt opp. Det er naturleg at dette vert gjort i samband med endeleg handsaminga av dokumenta i vassregionutvalet.

Med helsing

Kjell Kvingedal  
miljøvernssjef

Anniken Friis  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Miljødirektoratet

Postboks 5672 Sluppen 7485 TRONDHEIM